

**SOGN OG FJORDANE
BONDELAG**


Gloppen kommune
v/ Vassområde Nordfjord
Grandavegen 9
6823 SANDANE
Norge

Vår saksbehandler
Anita Sæther
+47 97 51 76 33

Vår dato
09.01.2014
Deres dato

Vår referanse
11/01070-15
Deres referanse

Merknader til tiltaksanalyse for vassområde Nordfjord

Viser til dokumentet Tiltaksanalyse for vassområde Nordfjord, som vart lagt ut på høyring 03.12.2013. Sogn og Fjordane Bondelag har nokre innspel til høyringa.

Jordbruket og grad av påverknad

Jordbruk er registrert som ein mogleg påverkar på vasskvaliteten i fleire av dei vassførekomstane som har risiko for å ikkje nå miljømåla innan 2021. Ein er usikker på i *kva grad* påverknaden skuldast jordbruksdrifta for fleire av førekomstane. Å kvantifisere og stadfeste påverknadane kan vere svært utfordrande, særskild å skilje avrenninga frå jordbruk frå bakgrunnsavrenning og avrenning frå spreidde avløp.

Tiltak

For å målrette tiltaka best mogleg må meir kunnskap hentast inn ved problemkartlegging og overvaking. Sogn og Fjordane Bondelag ser det som positivt at ein legg vekt på dette og at vidare problemkartlegging er blant dei føreslegne tiltaka.

Sogn og Fjordane Bondelag meiner at tiltak som gjev minst mogleg grad av restriksjonar og driftsmessige ulemper bør verte prioriterte. Om det er område som krev særskilde miljøtiltak bør ein freiste å målrette miljøinnsatsen på fylkes- og kommunenivå gjennom ordningane med RMP og SMIL.

Kost/nytte

Når overvakinga resulterer i meir kunnskap og det vert føreslege nye tiltak der grunneigar er tiltakshavar, er det trong for kost/nytte vurderingar for kvar av desse. Til dømes vil kostnadar ved eventuelle restriksjonar for spretidspunkt av husdyrgjødsel avhenge av korleis lagerkapasiteten er på det einskilde bruket.

Det vert svært viktig å nytte agronomisk kompetanse i forvaltningsplanar og tiltaksprogram. Dei tiltaka som vert vedtekne for jordbrukssektoren må kunne sameinast med Stortinget sine mål for landbruks- og matpolitikken i Meld.St.9 Velkommen til bords, som er å oppretthalde og auke norsk matproduksjon.

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse:

Hafstadvegen 21
6800 FØRDE

Sogn Og Fjordane Bondelag
Bondelagets Servicekontor AS

Besøksadresse:

Hafstadvegen 39
6800 FØRDE

Org.nr.: 939678670
Org.nr.: 985063001 MVA

Telefon:

57837080

Bankkonto: 8101.05.12891
Bankkonto: 8101.05. 91392

E-postadresse:

sogn.fjordane@bondelaget.no

Internett:

<http://www.bondelaget.no/sognogfjordane/>

Vår dato
09.01.2014

Vår referanse
11/01070-15

Med helsing

Elektronisk godkjent, uten underskrift

Anita Sæther